

Avtalevilkår for straumavtalen Ung

1. PARTANE

LEVERANDØR:¹

Namn: Wattn AS

Adresse: Postboks 1500, 6025 Ålesund

Organisasjonsnummer: 925 638 153

KUNDE:

Namn:

Adresse:

Fødselsdato:

Mobilnummer:

Avtalt kommunikasjonsform for varslinger i samband med kundeforholdet: Ordinær post

Standardval for kommunikasjon mellom Leverandør og Kunden er e-post og SMS, men Kunden har høve til å reservere seg mot elektronisk kommunikasjon ved å kontakte Leverandørens Kundeservice.

Kontakt med Wattn sitt kundesenter: Telefon: 70 10 20 10

2. LEVERANSESTAD

Målepunktadresse:

Målepunkt-ID:

Prisområde:

Kunden og Leverandøren kan avtale at denne avtalen skal omfatte fleire og nye leveransestader som skal spesifiserast med målepunktadresse og målepunkt-ID. Leverandøren sender Kunden skriftleg stadfesting på gjevne leveransestad(er) og avtalt tidspunkt for leveransestart.

3. PRODUKT OG PRISAR

3.1 Produktskildring

Produktnamn: Ung (Timespot Ung Wattn)

Avtaletype: Spotpris time for time, sjå nærare om pris nedanfor

Med denne spotprisavtalen betaler Kunden for sitt forbruk avrekna etter spotprisen som gjeld for sitt prisområde i den timen straumen vert forbrukt. Kostnaden vil då variere med forbruk og spotprisen time for time. Det er per i dag fem prisområde (NO 1 – 5) i Noreg, og det kan vere store skilnader i spotpris i dei ulike prisområda. Variablar som blant anna nedbør, vind, temperatur, produksjon og forbruk i området vil påverke spotprisen. Spotprisavtalar er avtalar med størst sannsyn for prissvingingar, ettersom prisen endrar seg kvar time og vil i periodar vere anten dyrare eller billigare enn fastprisavtalar.

3.2 Prisar

Produkt spot: Gjeldande områdepris per kWh (spotpris Nord Pool) time for time pluss meirverdiavgift*

Fastbeløp: Kr 49 per Målepunkt-ID per måned inklusiv meirverdiavgift*

Påslag: 0 øre per kWh inklusiv meirverdiavgift* og elsertifikat**

Garantiperiode: Fastbeløp og/eller påslag er garantert i 1 måned

Avtaleperiode: Ung er ei straumavtale med avgrensa varigheit. Avtalen gjeld fram til du fyller 30 år. Ved utløp av avtaleperioden vil du bli overført til straumavtalen vår Spotpris.

Leverandøren skal i samsvar med punkt 10.3 varsle Kunden skriftleg på eit passende tidspunkt seinast 30 dagar før den tidsavgrensa avtaleperioden går ut. Ved utgangen av leveranseperioden, dersom Kunden ikkje seier opp Ung avtalen, held leveransen fram med følgjande produkt og vilkår:

Avtalenamn: Spotpris (Standard timespot Wattn)

Produkt spot: Gjeldande områdepris per kWh (spotpris Nord Pool) time for time pluss meirverdiavgift*

Fastbeløp: Kr 49 per målepunkt-ID per måned inklusive meirverdiavgift*

Påslag: 5,5 øre per kWh inklusiv meirverdiavgift og elsertifikat**

Dersom prisane på Standard timespot Wattn har endra seg i avtaleperioden, skal dei nye prisane verte varsla skriftleg i samband med at den tidsavgrensa avtaleperioden går ut.

* *Unnateke for område (Troms, Finnmark og Nordland) som er fritekne for meirverdiavgift. Sjå [Lov om merverdiavgift \(merverdiavgiftsloven\) - Lovdata](#) § 6-6.*

***Elsertifikat vert dekte av Leverandøren for kundar som ikkje er fritekne for elsertifikat. Hushaldskundar i Finnmark og enkelte kommunar i Nord-Troms er fritekne for elsertifikat. Sjå [Strømkunder - NVE](#)*

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen og vert fakturert av Kunden sitt lokale nettselskap eller ved gjennomfakturering. Sjå nærare i punkt 3.4.

¹ Med leverandør meiner ein eit juridisk selskap med omsetningskonsesjon for elektrisk energi

3.3 Fakturering av straum

Fakturering skjer etterskotsvis månadleg basert på reelt eller estimert forbruk i samsvar med Leverandøren sine til kvar tid gjeldande faktureringsrutinar, og elles i samsvar med det til kvar tid gjeldande regelverket.

3.4 Fakturering av nettleige

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen og vert fakturert av Kunden sitt lokale nettselskap eller ved gjennomfakturering. Dersom Leverandøren har ein avtale med Kunden sitt nettselskap om gjennomfakturering, vil Leverandøren fakturere Kunden for nettselskapet sine fakturerte nettenester. Kunden gjev Leverandøren fullmakt til å hente inn nødvendig informasjon og setje i verk nødvendige tiltak for eventuell gjennomfakturering av nettenester. Sjå oversikt over selskap Watten har avtale med her: <https://watten.no/privat/aktuelt/gjennomfakturering>

3.5 Betalingsvilkår

Betalingsfrist faktura: 10 dagar etter fakturadato

eFaktura: Gebyrfritt

Papirfaktura: Kr 7,20 per papirfaktura

Dersom Kunden ikkje betaler innan betalingsfristen, skal Kunden varslast skriftleg per e-post og/eller SMS eller brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon, og gjevast minst ytterlegare 14 dagars betalingsfrist frå det tidspunktet varselet vart sendt.

Forseinkingsrente kjem i tillegg ved betaling etter forfall oppgeve på faktura i samsvar med forseinkingsrentelova. Inkasso skjer i samsvar med inkassolova.

4. PARTANE SINE PLIKTER OG AVKLARINGAR VED BESTILLING MV. TIDSPUNKT FOR OPPSTART

4.1 Opplysningar før avtaleinngåing

Kunden skal gje dei opplysningane om anlegget som Leverandøren treng for at ein kan inngå avtalen, inklusiv fødselsnummer, faktura- og anleggsadresse, målepunkt-ID og e-postadresse/mobilnummer. Kunden er sjølv ansvarleg for at Leverandøren til kvar tid har oppdaterte kontaktopplysningar om Kunden. Leverandøren skal leggje til rette for at Kunden enkelt kan oppdatere og gje nødvendige opplysningar.

Leverandøren samlar inn og behandlar personopplysningar om Kunden som er nødvendige for å levere tenesta i samsvar med avtalen. Personvernerklæringa til Leverandøren inneheld informasjon om korleis Leverandøren behandlar personopplysningane til Kunden. Erklæringa er til kvar tid tilgjengeleg på nettsidene til Leverandøren.

4.2 Kredittvurdering

Leverandøren gjer normalt kredittvurdering av Kunden ved avtaleinngåinga, så framt Leverandøren praktiserer etterskotsvis fakturering. Ved vurdering av kredittverdigheit kan Leverandøren, forutan offentleg tilgjengelege opplysningar, bruke eigne kundeopplysningar og kredittopplysingsbyrå. Leverandøren kan avvise ei bestilling eller krevje sikkerheitsstilling frå Kunden dersom Kunden ikkje oppfyller Leverandøren sine krav til kredittverdigheit.

4.3 Leverandørskifte

Dersom inngåing av denne avtalen inneber skifte av straumleverandør, skal Leverandøren på vegner av Kunden gjennomføre eit leverandørskifte og den eksisterande straumavtalen til Kunden vert avslutta, med mindre anna er uttrykkjeleg avtalt. Kunden er sjølv ansvarleg for oppfylling av avtalen med tidlegare straumleverandør for eventuelle konsekvensar av oppseiing, til dømes dersom oppseiinga utløyser brotgebyr etter den tidlegare avtalen.

4.4 Startdato og førtidig oppstart

I dei tilfella Kunden har 14 dagars angrerett, dvs. når avtalen er inngått ved fjernsal eller utanom faste forretningslokale (sjå punkt 9), kan ikkje startdato for levering av straum under avtalen vere før angrefristen har gått ut, med mindre Kunden uttrykkjeleg ber om at leveringa skal starte opp før angrefristen har gått ut på eit varig medium. Dersom Kunden ber om slik førtidig oppstart, vil Kunden vere ansvarleg for rimelege kostnader inntil Kunden nyttar seg av angreretten, sjå punkt 9.3 tredje avsnitt.

5. MÅLE- OG AVREKNINGSFEIL. ETTEROPPGJER

5.1 Avvik ved handtering av måledata eller avvik ved fakturering

Leverandøren avrekner forbruket etter forbruksdata mottekne frå Elhub. Ved avvik ved handtering av måledata, eller avvik ved fakturering som inneber at det er betalt for lite eller for mykje, kan Leverandøren eller Kunden krevje høvesvis tilleggsbetaling eller tilbakebetaling i samsvar med det til kvar tid gjeldande regelverket.

Etteroppgjer i form av tilleggsbetaling eller tilbakebetaling kan skje med verknad inntil tre år tilbake i tid, rekna frå tidspunktet feilen blei oppdaga. Leverandøren kan likevel ikkje krevje tilleggsbetaling frå Kunden dersom feilen kjem av forhold hos Leverandøren eller nokon som Leverandøren svarar for, og Kunden var i aktsam god tru. Leverandøren svarar uansett ikkje for feil eller forhold hos nettselskapet.

5.2 Feil på målar, feil måledata. Forholdet til nettselskapet

Kunden må rette krav om retting av feil ved måledata direkte til nettselskapet, som er ansvarleg for målinga. Kunden må sjølv be nettselskapet om ein eventuell kontroll av målar.

6. FLYTTING

Dersom Kunden flytter, vil denne avtalen følgje Kunden til nytt leveransepunkt (nytt Målepunkt-ID), såfram Kunden melder flytting til Leverandøren med føremål om å vidareføre avtalen. Partane kan likevel gjensidig seie opp avtalen i tråd med avtalen sine bestemmingar om oppseiing.

7. AVSLUTNING AV AVTALEN

Kunden kan seie opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel. Oppseiingsfristen for Kunden på 14 dagar gjeld likevel ikkje dersom kunden inngår avtale med ein ny straumleverandør. Då tek avtalen slutt frå tidspunktet den nye straumleverandøren startar leveransen overfor Kunden.

Leverandøren kan tidlegast seie opp leveransen 30 dagar etter at kunden er varsla på SMS og/eller e-post eller ved brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon. Leverandøren skal i varselet informere Kunden om kva som er årsaka til oppseiinga. Varselet skal gjevast separat, og ikkje samanblandes med annan informasjon frå Leverandøren.

Kvar av partane kan heve avtalen dersom den andre parten vesentleg mislegheld sine plikter etter avtalen. Dersom Leverandøren vesentleg mislegheld forpliktingane sine etter avtalen, kan Kunden heve avtalen med umiddelbar verknad.

Ved betalingsmisleghald frå Kunden si side kan Leverandøren heve avtalen med umiddelbar verknad såframt Kunden har fått 14 dagars utsett betalingsfrist etter punkt 3.5 andre avsnitt, og den nye betalingsfristen er utgått.

8. OVERDRAGING AV AVTALEN

Denne avtalen kan overdragast av Leverandøren til ein annan straumleverandør såframt føresetnadene og vilkåra i denne avtalen vidareførast. Kunden skal varslast minst 30 dagar før overdraging kan skje. Kunden kan uansett seie opp avtalen med 14 dagars varsel i samsvar med punkt 7 første avsnitt.

Kunden kan ikkje overdra avtalen utan samtykke frå Leverandøren.

9. ANGRERETT

9.1 Kunden sin rett til å gå frå (angre) avtalen

Dersom avtalen er inngått ved fjernsal eller sal utanom faste forretningslokale, typisk ved sal over internett, på stand eller ved telefon- eller dørsal, har Kunden etter reglane i angrerettlova rett til å gå frå avtalen innan 14 dagar utan å grunngje dette. Verknadene av at angrerett vert gjort gjeldande, er regulert i angrerettlova. Angreretten går ut 14 dagar rekna frå dagen etter avtalen er inngått eller frå det tidspunktet Kunden har motteke informasjon om angrerett. I fristen vert alle kalenderdagar inkluderte. Dersom fristen endar på ein laurdag, søndag eller heilagdag, vert fristen forlenga til næraste verkedag. Angrerett gjeld ikkje ved tilknytning av nye leveransestader til ein eksisterande avtale.

9.2 Utøving av angrerett. Angreskjema

Dersom angrerett vert gjort gjeldande, må Kunden på ein eintydig måte opplyse Leverandøren om at Kunden vel å gå frå avtalen. Angreretten kan gjerast gjeldande ved å bruke standardisert angreskjema, men melding kan også gjevast på annan måte, til dømes per e-post eller brev. Angreskjemaet følgjer vedlagt ved avtaleinngåing i ordrestadfesting på varig medium. Angreretten vert rekna for å vere overhalden dersom Kunden har sendt slik melding innan utløpet av angreretten. Kunden har bevisbyrda for at angreretten er gjort gjeldande i tide, og meldinga bør difor sendast skriftleg.

9.3 Konsekvensar ved bruk av angrerett

Ved bruk av angreretten stoppar Kunden si plikt til å betale for framtidig straumleveranse og Leverandøren si plikt til å levere straum.

Nyttar Kunden seg av angreretten før leveransen har starta, vert bestillinga annullert.

I tilfelle der leveransen har starta og Kunden nyttar seg av angreretten, vil Leverandøren avslutte leveransen i samsvar med Elhubs marknadsprosessar, dvs. i løpet av tre verkedagar frå melding er motteken hos Leverandør. Kunden vil verte overført til leveringspliktig straum frå nettselskapet sitt, om ikkje Kunden sørgjer for å inngå ny straumavtale med ein annan straumleverandør. Viss Kunden uttrykkeleg har bede om oppstart av straumleveransen før angreretten på 14 dagar er gått ut på eit varig medium, og deretter har brukt angreretten, skal Kunden betale eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til leveransen vert avslutta.

10. ENDRINGAR I PRIS OG VILKÅR

10.1 Prisjustering

Fastsetjinga av fastbeløpet og påslaget nemnd i punkt 3.2, og fakturagebyret nemnt i punkt 3.5, byggjer på ulike kostnadselement og blir påverka av marknadsmessige forhold. Leverandøren kan einsidig justere fastbeløpet, påslaget og/eller fakturagebyret dersom Leverandøren finn slik endring nødvendig. I slike tilfelle skal Kunden varslast om endringa, og dersom endringa er til ugunn for Kunden, har Kunden rett til å seie opp avtalen med skriftleg varsel seinast tre arbeidsdagar før tidspunktet endringane trer i kraft, sjå pkt. 10.3 nedanfor.

Omstende som kan gjere det nødvendig å endre prisen kan for døme vere endringar i marknadsmessige forhold, auka kostnader for Leverandøren eller endringar i eller i medhald av lov eller forskrift.

10.2 Endringar i vilkåra elles

Leverandøren kan einsidig endre avtalevilkåra, til gunst eller ugunn for Kunden, dersom Leverandøren finn slik endring nødvendig, for døme som følgje av forhold nemnt i pkt. 10.1.

Leverandøren kan ikkje utan uttrykkeleg samtykke frå Kunden gjere vesentlege endringar i avtalevilkåra. Som

vesentleg endring blir berre endring rekna av produkttype, innføring av nye priselement utover dei som er oppgitt i punkt 3.2 og punkt 3.5, endring i faktureringsmetode frå etterskotsvis fakturering til forskotsbetaling, og utviding av Leverandørens einsidige endringstilgang til ugagn for Kunden. Dette gjeld likevel ikkje dersom avtalevilkåra må endrast som følgje av endring i eller i medhald av lov eller forskrift.

10.3 Varsel om endringar i vilkår og pris

Endring i pris og/eller avtalevilkår kan tidlegast tre i kraft 30 dagar etter at skriftleg varsel er sendt til Kunden, med mindre endringa er lov- eller forskriftspålagt og gjeld frå eit tidlegare tidspunkt.

Varselet skal opplyse om årsaka til endringa, og dersom endringa er til Kundens ugagn, at Kunden for å ikkje å bli bunde av nye vilkår kan seie opp avtalen kostnadsfritt, seinast tre arbeidsdagar før endringane trer i kraft. Oppseiingsretten gjeld likevel ikkje ved prisaukar som kjem av auka offentlege avgifter knytte til omsetning av energi, når avgiftsauken ikkje var offentlig kjend på avtaletidspunktet.

Varselet skal opplyse om pris og vilkår før og etter endringa.

Varselet skal også innehalde ei påminning om at Kunden uansett kan seie opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel, jf. punkt 7, også etter at endringane er tredde i kraft.

Varselet skal sendast separat og ikkje samanblanda med annan informasjon frå Leverandøren. Varselet skal givast i form av SMS og/eller e-post. I dei tilfella der Kunden ikkje har samtykt til digital kommunikasjonsform, skal varselet givast i brev.

11. TVISTAR

11.1 Klage til Elklagenemnda. Domstolsbehandling

Dersom det oppstår ein tvist mellom Kunden og Leverandøren, kan Kunden bringe tvisten kostnadsfritt inn for Elklagenemnda, eller domstolane. Vedtak frå Elklagenemnda er rådgevande for partane. Ved vedtak som gjev Kunden heilt eller delvis medhald, skal Leverandøren gje grunngjeven melding til Kunden og nemnda innan 30 dagar dersom vedtaket ikkje vil verte følgt.

11.2 Verknadene av klage til Elklagenemnda

Så lenge ein tvist er til behandling i Elklagenemnda, kan ikkje ein part bringe han inn for dei alminnelege domstolane. Dette gjeld likevel ikkje dersom det har gått meir enn seks månader frå klaga er motteken og sekretariatet enno ikkje har lagt fram saka for nemnda. Ein tvist vert rekna for å vere til behandling frå det tidspunktet kravet om klagebehandling er kome inn for nemnda. Ei sak som nemnda har realitetsbehandla, kan takast direkte inn for tingretten.

11.3 Lovval

Vilkåra i denne avtalen er underlagde og skal fortolkast i samsvar med norsk rett.

12. MOTSTRID

Ved ein eventuell motstrid mellom lover og forskrifter og vilkåra i denne avtalen, skal lover og forskrifter ha forrang.